



Alfred Nobel og Noreg

Taler

Halvdan Koht

Dato

21 oktober 1933

Sted

Nobelinstituttets festsal

Omstendigheter

Minnefesten over Alfred Nobels 100 års fødselsdag

- 1 Alfred Nobel og Noreg - det er eit serskilt lite kapitel i historia om fredssaka. Det fører oss tilbake til den tida da tanken om ein varig fred mellom folka ikkje tyktes anna enn ein draum, ja for mange ikkje ein fager draum dessmeir.
- 5 Vi som har gjennomlevd den fælaste krigen verdenshistoria kjenner, og som nærsagt kvar dag må gå i otte for krigsfaren som trugar på alle kantar, vi kan nok skjønne tvilen som reiste seg imot fredstanken. Men samstundes ser vi mykje klarare enn før at fredskrava er realpolitikk, vi kan mest ikkje finne frelse for oss i anna enn fred mellom folka, og vi er glad for alle som lyfte fredsdraumen opp i
- 10 dei tidene, som ligg bak oss, - det var førebuing og oppseding i arbeide deira.

- Da Alfred Nobel i 1895 sette fast at det norske storting skulle få retten til å velje den nemda som skulle rå for fredsprisen hans, da var det draum og arbeid som møttes. Nobel sto utafør både statsmakt og folkelig agitasjon, som kunne berre
- 15 drøyme om ei fredstid for menneska. Men han lengta etter å hjelpe dei som arbeidde for freden, og så kom han til slutt på den tanke at det norske storting skulle være redskapen hans.

- Han har aldri sagt sjølv eit ord om kvifor han valde Stortinget til denne æra. Da
- 20 han sette opp det fyrste testamentet vi har ifrå han, i mars 1893 da tenkte han å gje ein liten sum pengar til den austeriske selskap av fredsvenner i Wien «til å fremme fredstanker» det var samhugen hans med Bertha von Suttner som her kom fram. Og så ville han gje fire femteparter av heile formuen sin til Vetenskaps-Akademien i Stockholm, til pris løner for store tankeverk, serskilt til
- 25 dem «som genom skrift och handling kunna lyckas bekämpa de besynnerliga fordomar som ennu hyses både af nationer och regjeringer mot inrättandet af et europeisk fredstribunal».

30 Da han gjorde de endelege «fredforfåktare» og no la han den i hendene på ei nemd vald av det norske storting.

Mellom mars 1893 og november 1895 har soleis denne tanken fest seg hos han. Og det hadde visseleg sine grunnar.

35

Noreg, det norske folket, var for fred. Og det var ein heilt naturleg ting. Fredstanken var da ikkje eit ideal eller ein draum heilt for seg sjølv. Han hørte inderleg med i alt det indige brennhuga arbeide for fridom og folkestyre, for politisk og åndeleg framgang, som hadde fylt norsk samfunns- og statsliv i 1870-
40 80 årene.

45

Alfred Nobel likte dette arbeide. Samhugen hans var med alle idealistane, med alle som ville fram. Han kalla seg sjølv «revolusjonær» og vi veit at han såg med glede på fridomsreising i Noreg. I siste leveåret sitt skreiv han eit radikalt drama, og det tenkte han på å gje ut i Noreg. «Med svensk sensur vil jag ej ha att skaffa» Den norske fridomen var meir i hans smak. Og av diktarene i samtida var det ingen han var så glad i, som Bjørnstjerne Bjørnson. Her var den idealismen som han sette så høgt. Kanskje ingen ting drog han så sterkt til Noreg som alt det Bjørnson gav ord for og stridde for. Og så var det fredsarbeidet nordmennene
50 kjempa for. Alfred Nobel brydde seg kanskje ikkje så mykje om all den agitasjonen for nedvepning og avspenning som vart driven i Nore i 1880 åra. Han smilte kanskje ein grand det han las i blada at Viggo Ullmann ropte hurra for eit Noreg uten ein einaste Løyntnant. Men han var likevel glad for at folk ville stri for eit samfunn som førte fram dit. Og han tok det visst alvorleg nok da
55 Stortinget i 1890 kravde at regjeringa skulle freiste å få i stand mellomfolkelege skiltdom i stridsspørsmål.

60

Det er ein glede å nemne at det var ein landsmann til Nobel, den svenske riksdagsmannen K. P. Arnoldsson, som hadde sin store part i at denne saka kom fram i Stortinget. Og det norske storting var i røynda den fyrste nasjonalforsamlinga i Europa som tok standpunkt for slike skiltdomsavtaler. Ein må vel tru at Nobel la merke til vedtaket.

65

Men det førte enda ikkje til noko praktisk resultat. For dei som den gongen rådde i Sverige, hørte enda til dei som ikkje ville sette arbeid inn for fredsdraumen. Da Arnoldsson kom med framlegg i Riksdagen, vart det vraka.

70 Da det norske stortingsvedtaket vart lagt fram for Kongen, så fekk den svenske
utanriksministeren slege fast at det ingen ting skulle bli gjort med det. Det var i
1892.

75 Avvisninga vakte harme i Noreg og på Stortinget i 1893 var det spørsmål om at
Noreg skulle freista driva saka fram på eiga hand, om så Sverige ikkje ville væra
med.

80 Det kan vel hende at Nobel beit merke i dette og. Det var tydeleg at dei svenske
statsmaktene hindra det praktiske fredsarbeid som Noreg hadde teke opp, og
det kunne nok gjera Nobel trygg på om det var rett eller naturleg å la ein svensk
institusjon rå for prisløner til dei som stridde for «ett europeisk fredstribunal». Som svenske kunne han kjenne trong til å rette ei hånd over grensa til dei norske
fredsvennene.

85 Men tilgangen i denne saka festa fredsarbeidet tett i hop, med den norske
sjølvstende-striden. Når Sverige sette seg imot den norske fredspolitikken, så
vart det ein grunn meir for Noreg til å krevje si eiga utanriksstyring. Og det var
ingen nordmann som såg denne sammenhengen, klårare og la han fram
kvassare, enn den som Nobel elska meir enn dei fleste - Bjørnson.

90 I 1890 hadde Bjørnson gått i gang med ein planfast agitasjon for fredssaka, og
han tok denne agitasjonen med i striden for det programmet som han nett no
fekk det norske Venstre til å ta opp, - kravet om ein særskild norsk
utanriksminister. Han forma tanken sin i det ordlaget som så ofte har vore
mistydd, at Noreg ville ha si eiga utanriksstyring fordi Noreg ingen
95 utanrikspolitikk skulle ha. Han sa greitt nok ifrå att med «ingen
utanrikspolitikk» meinte han det same som han ellers kalla «Ingen storpolitikk,
dvs. ingen krigspolitikk». For han ville drive utenrikspolitikk, Bjørnson og, ein
aktiv utanrikspolitikk, men ein ny politikk. Arbeidet for å samle nasjonane om
skildsdoms-avtaler og fred. Det tala han om på møte både i og utanfor Noreg,
100 og det skreiv han om i både norske og utenlands blad.

Det var i 1890 åra at han i sanninga vart ein internasjonal politikar, og det kan
nok ingen tvil vera om at Nobel fylgde striden hans med samhug, om så
Bjørnson jamt vendte våpna sine mot Sverige.

For her måtte det vera strid, og Bjørnson evdes ikkje med å reise klage for heile Europa imot den farlege svenske utanrikspolitikken, den som ikkje våga seg til å ta opp rettstanken i staden for krigstanken. Klaga hans vart med det same ei klage imot den svenske motstanden mot norske rettskrav. Bjørnson gjorde Noregs sak til eitt med fredssaka.

Kansje Nobel fekk høre om at fredsagitasjonen til Bjørnson i åra 1893-95 førte til at det skipa seg fredsforeningar i Noreg. Sumaren 1895 vart det jamvel samla i eit landslag «Norges Fredsforening».

Det var på den tida at Nobel gikk og tenkte på ein nyskipnad med fredsprisen sin.

Men det som gav den endelege tilstøyten til at han valgte det norske storting til reiskapen sin for fredsprisen, det trur eg nok var den krisa som kom i den norsksvenske unionsstriden, sumaren 1895. Det hadde kome så langt imellom dei to landa, så det tyktes måtte bli ei avgjersle på striden, - ein av partane måtte gje seg. Det var ålgjengt tru og tale, at Sverige ville nytte krigsmakt til å halde Noreg fast i det gamle unionsbandet. Og Noreg bøygde unna.

Midt i krisa hadde Bjørnson freista både partane til å søke avgjerdsle om å ta skilddom i stridsspørsmålet. Ingen lydde på han, korkje i Sverige eller Noreg. Men det er vel ikkje urimeleg, å tenke at Nobel gledde seg for slik truskap for skilddomstanken.

Og no var det at han gav sitt innlegg i striden. Testamentet hans frå november 1895 var på si vis eit svar til dei av landsmennene hans som kunne tenke seg noko så fælt som å gå til krig mot Noreg. Han ville slå eit slag mot selve krigstanken. Og det kunne ikkje bli gjort på noblare vis enn slik Nobel no gjorde. Den svenske fredsgåva var i hendene på den norske statsmakt.

Det var ei ære som såleis vart synt Stortinget, - ei ære som samstundes la ansvar. Og det er ei glede å kunne si at Stortinget med ein gong synte at dei kjente ansvar. Bare nokre veker etterpå gjorde Stortinget nytt vedtak om arbeid for faste skilddoms-avtalar.

Det har nok mange ganger sia kunna vere skilde meiningar om korleis vi skulle drive fredsarbeid og fredspolitik i Noreg. Men i det store og heile torer vi nok si

st Noreg har halde fast på fredstanken, og gong på gong har folk og statsmakt
synt at dei ikkje vil inn i noko slag eventyrpoliti Det er en vilje som får det
støaste grunnlaget sitt når han byggjer på ein vel gjennomtenkt
samfunnspolitikk.

150

Ein gong kunne folk tale som det skulle vere nasjonal sjølvoppgjeving å lite seg
meir til retten enn til våpna. No er det klart for alle att rett er beste fridom for
verja for fridommen vår. Minne om den stortenkte svenske mannen Alfred
Nobel styrker ihugen vår for denne norske politikken. Her ligg vår nasjonale
plikt og ære.

155

Kilde

Det Norske Nobelinstitut

Emner

Innlegg, Jubileumstale, Nobel, Nobelpris, Nobels fredspris, Norden, Norge, Norsk historie, Union

160

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/alfred-nobel-og-noreg>

165

170

175

180